

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

Gunn Åmdal Mongstad (Sp) sette på vegner av Sp, A, Krf, H, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Alternativ:

RMNF er svært positiv til ei utvikling av eit likeverdig nettbasert opplæringstilbod til elevar og lærlingar. For vår gruppe er det viktig at fylket har kompetanse på den enkelte sine utfordringar og slik kan gje godt tilpassa opplæring og tilgang til riktige og universelle hjelpemiddel.

RMNF vil samtidig peike på behovet alle har for å vere del av eit klassemiljø, og at den sosiale sida i ein lærings situasjon ikkje må prioriterast ned.»

Avrøysting

Mongstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RMNF er svært positiv til ei utvikling av eit likeverdig nettbasert opplæringstilbod til elevar og lærlingar. For vår gruppe er det viktig at fylket har kompetanse på den enkelte sine utfordringar og slik kan gje godt tilpassa opplæring og tilgang til riktige og universelle hjelpemiddel.

RMNF vil samtidig peike på behovet alle har for å vere del av eit klassemiljø, og at den sosiale sida i ein lærings situasjon ikkje må prioriterast ned